



## **KONKURRANSEREGLAR**

# **Nytt verne og formidlingsbygg for Holvikejekta**

**Tilbodskonkurranse med forhandling**

**TILBODSFRIST 01.02.2023 KL. 12.00**

# 1 Generelt om konkurransen

## 1.1 Orientering om oppdraget

Musea i Sogn og Fjordane ønsker å inngå avtale for å bygge nytt verne og formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane i samsvar med vedlegg. Konkurransen er kunngjort i Doffin via Mercell .

Føremålet med denne anskaffinga er å bygge eit nytt verne- og formidlingsbygg og hovudmålet med dette er å vise Holvikejekta i mest mogleg opphøveleg stand, for nåtida og for framtidige generasjonar. Det vil bli lagt størst vekt på Holvikejekta som skipshistorisk primærkjelde.

Det noverande bygget gir vern mot vær og sollys, men ikkje svingingar i temperatur og fukt, brann og skadeverk. Jekta er i eit område med husbukk i tillegg til stripa borebillar, og slik jekta står nå, er dette vanskeleg å kontrollere.

Eit verne- og formidlingsbygg, der ein har kontroll på klima, oppstøtting og trygghet, vil bli ei ramme som står i forhold til den store kulturhistoriske verdien jekta har, lagt til rette for å ta imot besøkande, og som gir mogelegheiter for heilårsformidling.

Det skal inngåast ei totalentreprisekontrakt basert på NS 8407. Utlysinga gjeld med atterhald om styrets godkjenning og finansiering.

## 1.2 Om oppdragsgjevar

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane utgjer i dag eit fellesskap av 12 ulike museumsarenaer mellom fjord og fjell i Sogn og Fjordane. Oppgåva til stiftinga er å dokumentere, forske og formidle natur-kulturarv og kunst i Sogn og Fjordane.

## 1.3 Konkurransen si planlagde framdrift

Med forbehold om økonomisk finansiering og styret si godkjenning, vert det lagt opp til følgjande tidsrammer for gjennomføring av konkurransen fram til kontrakt vert inngått. Med unntak av tilbudsfrist kan datoar nedanfor verte endra.

Planlagde milepælar	Frist
Utlysing av konkurransegrunnlag	05.12.2022
Anbudsynfaring	16.12.2022 kl.11:00
Spørsmålsfrist	09.01.2023 kl. 12:00
Tilbudsfrist	<b>01.02.2023 kl. 12:00</b>
Oppdragsgjevar gjev skriftleg melding om tildeling	13.02.2023
Karenstid for inngåing av kontrakt (klagefrist)	10 virkedagar etter tildeling
Kontrakt vert inngått	Snarast etter utløp av karenstid

## 2 Konkurransgjennomføring

### 2.1 Kunngjering

Konkurransen er kunngjort i Doffin via Mercell.

### 2.2 Prosedyre for anskaffing

Anskaffinga blir gjennomført i henhold til lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del II.

Anskaffinga blir gjennomført som ein open tilbodskonferanse.

Oppdragsgjevar planlegg å ha dialog med leverandørane, jf. forskrifta § 9-3. Dialogen kan omfatte avklaringar/korrigeringar og forhandlingar.

Dialog gjennom forhandlingar vil bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatt, vurderer det som hensiktsmessig. Utvelginga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbud og derfor må levere sitt beste tilbud.

Leverandørane oppfordrast på det sterkaste til å følge dei anvisningar som blir gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklarheiter via Mercell-portalen.

Tilbydar må sjølv bere eigne utgifter med utarbeiding av tilbud og tilbodsdokumentasjon, her under eventuelle forhandlingar.

### 2.3 Språk og kommunikasjon

Tilbudet skal vere skrive på norsk.

All korrespondanse føregår via innkjøpssystemet Mercell

### 2.4 Spørsmål til konkurransegrunnlaget

Eventuelle spørsmål som tilbydarane måtte ha til konkurransegrunnlaget må stillast innan spørsmålsfrist, sjå punkt 1.3. Spørsmål og svar skal stillast og svarast på gjennom innkjøpsportalen Mercell.

Tilbydarane blir oppfordra til å ta kontakt med oppdragsgjevars kontaktperson dersom ein finn at konkurransegrunnlaget inneheld uklarheiter, mangelfull informasjon eller forhold som tilbydaren ikkje kan akseptere, slik at oppdragsgivar får moglegheit til å vurdere om konkurransegrunnlaget bør presiserast, utdjupast eller endrast.

## **2.5 Rettingar, endringar og/eller suppleringar**

Innan utløp av tilbudsfristen har oppdragsgjevar rett til å foreta rettingar, endringar og/eller suppleringar i konkurransegrunnlaget. Rettingar, endringar og/eller suppleringar vil bli gjort tilgjengeleg for alle tilbydarar via Mercell.

Dersom oppdragsgivar vurderer at det er nødvendig med utvida tilbudsfrist, vil dette bli kommunisert til alle som har registrert si interesse for denne konkurransen i Mercell.

## **2.6 Atterhald og avvik**

Atterhald og avvik vil kunne føre til avvising. Før tilbyder eventuelt tek etterhald eller utformar tilbod med avvik, bør difor tilbyder ta sikte på å avklare forholdet ved å stille spørsmål undervegs i gjennomføringa av konkurransen, jf. pkt. 2.2.

Tilbod som har vesentlege avvik frå anskaffelsesdokumenta, herunder kontrakta og beskrivelsar, vil bli avvist. Andre avvik må være så eintydige og klare at det ikkje kan medføre tvil om korleis tilbodet skal evaluerast, samt sette oppdragsgjevar i stand til å prissette avviket. Avvik skal framgå klart i tilbods brevet.

## **2.7 Deltilbud**

Det er ikkje høve til å gje tilbod på delar av tilbodet

## 2.8 Krav til innhald i tilbodet

Det er tilbydars oppgåve å påsjå at all etterspurt og aktuell dokumentasjon inngår i innlevert tilbod. Som eit minstekrav skal tilbodet innehalde:

Innhald	Merknader
Tilbodsbrief	Tilbodet skal innehalde eit formelt tilbodsbrief med tydeleg firmanamn/namn på tilbodsgivar. Tilbodsbriefet skal vere datert og evt. atterhald i tilbodet skal presiserast her. Tilbodsbriefet skal vere underskrive av person med nødvendig fullmakt. I tilbodsbriefet må det gå fram kven som er kontaktperson hos tilbydar i forhold til eventuelle forhandlingar. Telefonnummer og e-post må gjevast opp. Tilsvarande gjeld også evt. reviderte tilbod som kjem inn i forhandlingsfasen.
Prisskjema	Skal fyllast ut.
Kvalifikasjonskrav	Førespurte attester og etterspurt dokumentasjon skal leggst ved tilbodet.
Tildelings kriteria	Dokumentasjon på tildelingskriteria ut over pris, skal leggst ved tilbodet.
Sladda tilbod	Vedlagt tilbodet skal det også ligge ei sladda utgåve av tilbodet. Ved evt. krav om innsyn i anskaffelsen vil disse evt. brukast. Det er viktig å merke seg at sjølv om leverandørar inngir tilbod der evt. forretnings hemmelegheiter blir sladda, har oppdragsgivar ei sjølvstendig plikt til å vurdere kva som skal unntakas offentlegheita.

Vedlegg 6 *Kravspesifikasjon* er det beskrive nærare kva for krav Musea i Sogn og Fjordane har til prosjektet.

Tilbydar skal levere inn eit komplett tilbod, der alle spesifiserte krav og ynskje frå oppdragsgjevar er svara på og kommenterte.

## 2.8 Innlevering av tilbodet

Alle tilbod skal som utgangspunkt leverast elektronisk via Mercell-portalen, [www.mercell.no](http://www.mercell.no), innan den oppgjevne tilbodsfrist, jf. punkt 1.3. Tilbodsfristen er absolutt. For seint innkomne tilbod vil bli avvist. Tilbyder ber all risiko for feil eller forbindelsar. Ein anbefaler difor at tilbod blir levert inn i god tid før fristens utløp.

Er du ikkje bruker hos Mercell, eller har du spørsmål knytte til korleis du skal laste opp tilbodet ditt, eller korleis du skal gi tilbod, ta kontakt med Mercell Support:

Tlf. + 47 21 01 88 61 / 62 eller + 47 979 78 472.

Kontaktperson	
Prosjektleder	Øyvind Tåsåsen
	Anne Kristin Moe

### Avlysing og total forkasting

Oppdragsgjever er ikkje forplikta til å godta nokon av tilboda, dersom ingen av dei innkomne tilbod blir sett på som innanfor de vedtekne økonomiske rammer, samt innanfor dei forventede kostnader for denne type bygg. Det same gjeld når det etter utsending av konkurransegrunnlaget er oppstått forhold som gjer at spesifikasjonar må endrast.

### Tildeling av kontrakt, begrunning og karensperiode

Berørte leverandørar vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjever kjem til å inngå kontrakt med, og begrunning for valget, samt bli opplyst om lengda av karensperioda før kontraktsinngåing.

## 2.9 Motstrid mellom Mercell og dette dokumentet

Dersom det er motstrid mellom informasjon oppgitt i Mercell og dette dokumentet, for eksempel fristar, krav eller instruksar, gjeld Mercell framfor dette dokumentet.

### 3 Kvalifikasjonskrav

Ein leverandør sitt tilbod vil bli avvist, dersom dei krav som er sett for deltaking i konkurransen ikkje er oppfylt.

Kvalifikasjonskrav 1	Skatteattest. Det vert krevd at leverandøren ikkje er skuldig skatt eller mva.
Dokumentasjon	Skatteattest for meirverdiavgift og skatt. Attesten skal være oppdatert og ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist. Attest hentar du ut på <a href="http://www.altinn.no">www.altinn.no</a>

#### Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling

Kvalifikasjonskrav 2	Det vert krevd at leverandøren har eit lovleg etablert føretak
Dokumentasjon	Norske selskap: Firmaattest.  Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

Kvalifikasjonskrav 3	Det vert kravd at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig. Med kredittverdig meinast: Score på god eller betre på minst to av kriteria soliditet, likviditet og lønnsamheit.
Dokumentasjon	Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff Forvalt eller tilsvarande.

## Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Kvalifikasjonskrav 4	Det vert krevd at leverandøren har erfaring med liknande leveransar. Med liknande meinast oppdrag av same type, omfang og størrelse, eller større.
Dokumentasjon	Det skal leggst ved referanseliste for minst 2 liknande oppdrag. Byggverk i tre eller med tilsvarande eller større omfang der ein gjev opp omfang av kontrakta, varigheit og relevans for oppdraget

## 4 Evaluering og tildeling av kontrakt

### 4.1 Tilbudsopning

Tilbudsopning vil bli gjennomført kort tid etter tilbudsfrist. Tilbydarar vil ikkje ha tilgang til tilbudsopninga.

### 4.2 Gjennomføring av forhandlingar

Dersom det blir gjennomført forhandlingar vil dei bli gjennomført med tilbydarar som har gjeve tilbod på objekt som oppfyller kravspesifikasjonen og evt. andre krav. Forhandlingane blir gjennomført med sikte på å betre og/eller klargjere tilboda. Det er mogeleg å forhandle om endringar eller suppleringar ved tilbodet, så som forretningsmessige vilkår og pris. Det kan ikkje forhandlast om konkurransegrunnlaget.

Tal tilbod kan reduserast før forhandlingane tek til, slik at ikkje alle tilbydarane blir med vidare i konkurransen. Tilbydarar som ikkje blir valde ut til forhandlingar, er ute av konkurransen og deira tilbod blir forkasta. 1. runde i forhandlingane vil føregå som fysiske møter mellom tilbydar og oppdragsgivar, dersom dette er hensiktsmessig.

Eventuelle vidare forhandlingsrundar vil kunne føregå som fysiske møter, pr. telefon, pr. digitale møter eller pr.e-post. Oppdragsgjevar bestemmer kor mange fasar forhandlingane skal gjennomførast i. Oppdragsgjevar fører referat frå forhandlingane, disse referata blir distribuert til leverandørane i etterkant og vil inngå i kontrakten med vinnande leverandør.



### **4.3 Tildelings kriteria**

Oppdragsgjevar vil velgje entreprenør ut frå kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på dei følgande kriteria:

#### **Pris 40%**

Oppdragsgjevar har lagt ved eit prisskjema (vedlegg 5) som skal fyllast ut i tråd med rettleiinga på skjemaet. Pris skal gjevast opp utan mva, men inkludert alle andre kostnader som t.d. reisekostnader, adm, møter etc.

#### **Oppgaveforståing 60%**

Oppdragsgjevar er her ute etter eit tilbod med god oppgåveforståing og ein god og realistisk gjennomføring frå tilbydarar med god kompetanse og erfaring. Oppgaveforståing bør ikkje vere meir enn 5 A4 sider.

Hardanger Fartøyvernsenter blir direkte anskaffa av Musea i Sogn og Fjordane for dette oppdraget og skal rådførast i prosjektet. Avhengig av valt løysing vil dei utføre sjølve flyttinga og forankringa av jekta i byggefase. Arkitekt vil bli tiltransportert til neste fase og vil høyre til under stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

### **4.4 Evalueringsmodell**

Tilbuda blir tildelt poeng på ein skala frå 0 til 10, der 10 er best. Poeng blir tildelt for kvart av tildelingskriteria, vekta som angjeve i pkt.4.3, og blir deretter summert for total poengsum. Tilbodet som oppnår høgast poengsum blir innstilt som det beste tilbodet.

For tildelingskriteriet «Pris» blir det gjeve ein poengsum på 10 til det tilbodet som har lavast pris». Det blir benytta ein hybridmodell. Modellen er lineær inntil eit knekkpunkt på 90% (90% høgare pris enn lavaste tilbod), der den går over til å bli forholdsmessig.

For tildelingskriteriet «Oppgaveforståing» føretar oppdragsgjevar ein fagleg, skjønsmessig vurdering av tilboda. Det blir gjeve poeng frå 0 til 10, der 10 blir gjeve til beste besvaring. Øvrige tilbud vurderast i forhold til dette.

Det presiserst at dei opplista krava til dokumentasjon ikkje representerer ei vekting av tildelingskriteria, men er utelukkande krav til ei hensiktsmessig inndeling av dokumentasjonen

## **5 Konkurransesgrunnlagets dokument**

Førespurnaden består av følgende dokument:

- Konkurransesgrunnlag - dette dokumentet
- Vedlegg 1 - Planteikningar
- Vedlegg 2 - Snitt og fasadar
- Vedlegg 3 – Illustrasjonar og utomhus
- Vedlegg 4 – Prospekt 2020
- Vedlegg 5 – Prisskjema
- Vedlegg 6 - Kravspesifikasjon
- Vedlegg 7 - Foreløpig brannkonsept og brannteikningar
- Vedlegg 8 - Akustikk premissrapport
- Vedlegg 9 – Plassering prøvepunkt